



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Kompetansegrunnlag for tildeling av midlar til fagskular for 2027

Høgare yrkesfagleg utdanning i Møre og Romsdal

Innholdsliste

Sammandrag	3
Innleiing	5
Generelle utviklingstrekk i Møre og Romsdal	7
Fagområda og behova i Møre og Romsdal	8
Kva kompetansegrunnlaget betyr for tildeling i 2027	12

Sammandrag

Møre og Romsdal treng høgare yrkesfagleg utdanning som styrker den kompetansen arbeids- og samfunnslivet faktisk manglar, og som kan takast i bruk raskt i heile fylket.

Fylkeskommunen skal sørge for eit fagskuletilbod i samsvar med kompetansebehov lokalt, regionalt og nasjonalt. Dei reviderte nasjonale retningslinjene frå 2026 gjer driftstilskotet til fagskulane til ei rammetildeling med overordna føringar og tydeleggjer at forvaltninga skal vere kunnskapsbasert. Det gir Møre og Romsdal fylkeskommune eit tydeleg ansvar for å setje retning for kva kompetanse offentlege midlar skal bidra til å utvikle.

Nasjonalt er helse- og velferdsfag, tekniske fag, kompetanse som er viktig for grøn omstilling og kompetanse for forsvar og sivil beredskap særleg prioriterte. I Møre og Romsdal må desse prioriteringane sjåast i lys av ein næringsstruktur med sterke maritime og industrielle miljø, eit stramt arbeidsmarknad, aldring i befolkninga, store geografiske avstandar og aukande krav til samfunnstryggleik

Fagområde	Regional retning	2027
Helse- og velferdsfag	Auka kapasitet og kompetanse, særleg for eldreomsorg, psykisk helse og barn med særskilte behov	Vekst
Tekniske fag / grøn og digital omstilling	Elektro, automasjon, mekaniske fag, bygg/anlegg, energi og industriell digitalisering.	Vekst
Maritime fag	Særleg regionalt behov. Prioriter målretta tilbod som møter dokumentert behov og omstilling i maritim sektor.	Stabilt og relevant tilbod
Sikkerheit og beredskap	Kompetanseberedskap på tvers av helse, kritisk infrastruktur, digital sikkerheit, maritim beredskap og naturfare.	Utvikling

Tabell 1. Samla retning for dei mest relevante fagområda. Maritime fag er ikkje eit eige nasjonalt prioritert fagområde, men er løfta fram her som eit særleg regionalt behov i Møre og Romsdal.

NAV estimerer at verksemdene i Møre og Romsdal manglar knapt 1 800 arbeidstakarar i 2026. Mangelen er størst i bygg og anlegg, helse- og sosialtenester og varehandel, og 18 prosent av verksemdene har ikkje lukkast med å rekruttere den kompetansen dei ønskjer. NAV estimerer ein mangel på 122 personar der høgare yrkesfagleg utdanning er relevant; 69 av desse er innan pleie- og omsorgsfag. I kompetansebarometeret til NHO-bedriftene i fylket oppgir over 60% at dei har behov for tilsette med fagskuleutdanning. Sjølv om det er ein lav svarprosent for undersøkinga, er det like vel en indikasjon på behovet i arbeidslivet.

Kompetansegrunnlaget skal ikkje brukast som ei automatisk rangering av søknader. At eit tilbod ligg innan eit prioritert fagområde er ikkje åleine tilstrekkeleg. Fylkeskommunen må også vurdere dokumentert arbeidslivsbehov, rekrutteringsgrunnlag, gjennomføring, kvalitet, fleksibilitet og kva kompetanseeffekt tilbodet gir sett opp mot ressursbruken.

Om dokumentet

Kompetansegrunnlaget er utarbeidd som grunnlag for Møre og Romsdal fylkeskommune si forvaltning og prioritering av statlege driftsmidlar til høgare yrkesfagleg utdanning for 2027. Dokumentet byggjer på nasjonale føringar, regionale planar og oppdaterte analysar av arbeidsmarknaden. Kjeldene er oppdaterte per september 2026.

Innleiing

Kompetansegrunnlaget skal gi retning for kva kompetanse Møre og Romsdal fylkeskommune bør prioritere gjennom driftsmidlane til fagskulane i 2027.

Fagskulelova § 3 slår fast at fylkeskommunen skal sørge for at det blir tilbydd akkreditert fagskuleutdanning i samsvar med behovet for kompetanse lokalt, regionalt og nasjonalt. Fagskulane kan søke fylkeskommunen om offentleg tilskot etter § 29.

I *Meld. St. 11 (2024–2025) Fagfolk for en ny tid* blir den regionale kompetansepolitiske rolla tydeleggjord. Fylkeskommunane skal kartleggje regionale kompetansebehov, formidle behova til utdanningstilbydarar og legge til rette for etterspurde utdanningstiltak. Regjeringa legg til grunn at fylkeskommunane skal ha ansvar for å dimensjonere høgare yrkesfagleg utdanning, og at driftstilskotet er eit strategisk kompetansepolitisk verkemiddel.

Frå 2026 er retningslinjene for driftstilskot reviderte. Tilskotet skal givast som ei rammetildeling til den enkelte fagskulen, basert på fylket sine kompetansebehov og prioriteringar. Fylkeskommunen skal fastsette særskilde vilkår for den enkelte tilskotsmottakaren og vurdere måloppnåing.

Fylkesstrategi for kompetanse 2024–2027 gir den regionale ramma. Strategien har som mål at Møre og Romsdal skal ha eit omstillingsdyktig og fleksibelt utdanningssystem, og seier at utdanningstilbydarane skal prioritere og utforme tilbod med bakgrunn i kompetansebehova til arbeidslivet og utvikle fleksible og praksisnære tilbod.

Korleis grunnlaget skal brukast

Dette dokumentet er ikkje ei fullstendig kartlegging av alle framtidige kompetansebehov i fylket. Det er eit avgrensa kunnskapsgrunnlag for forvaltninga av høgare yrkesfagleg

utdanning i 2027. Det samlar nasjonale prioriteringar med regionale utviklingstrekk og aktuelle arbeidsmarknadsdata, og peikar ut retningar der fagskulane kan ha ein særleg viktig funksjon.

Kunnskapsgrunnlaget må sjåast saman med opplysningar frå søknadene, dialog med arbeidslivet og fagskulane, tidlegare resultat og studentdata. Behovsvurderinga skal vere uavhengig av kva utdanningar fagskulane til kvar tid søker om støtte til.

Generelle utviklingstrekk i Møre og Romsdal

Kampen om arbeidskrafta, demografisk endring og raske omstillingar i næringslivet gjer det viktigare å treffe presist med utdanningstilboda.

Liten befolkningsvekst og fleire eldre

SSB sitt hovudalternativ frå juni 2026 framskriv folketalet i Møre og Romsdal frå 273 169 i 2026 til 277 987 i 2050, ein vekst på berre 1,8 prosent. Samstundes peikar Fylkesstrategi for kompetanse på at den demografiske utviklinga gir aukande behov for helse- og omsorgstenester og krev at arbeidskrafta blir brukt meir effektivt.

Eit stramt arbeidsmarknad

NAV si bedriftsundersøking for 2026 viser framleis betydeleg mangel på arbeidskraft. Verksemdene manglar særleg folk innan bygg og anlegg, helse og sosial og fleire handverksyrke. Arbeidsløysa var 1,8 prosent av arbeidsstyrken ved utgangen av april 2026, mot 2,1 prosent i landet. Dette gir lite ledig arbeidskraft å rekruttere frå og forsterkar behovet for kompetanseutvikling blant dei som allereie er i jobb.

Eit eksport- og industrifylke i omstilling

Møre og Romsdal har sterke maritime og industrielle miljø og eit stort innslag av fagarbeidarar. NHO sitt kompetansebarometer viser at 63 prosent av medlemsbedriftene i fylket har eit udekt kompetansebehov. 64 prosent oppgir behov for tilsette med høgare yrkesfagleg utdanning. Behovet er særleg stort innan ingeniør- og tekniske fag, handverksfag og IKT.

Grøn omstilling, digitalisering, automatisering og kunstig intelligens endrar arbeidsoppgåver og kompetansekrav. For fagskulane betyr dette at det ikke berre er behov for fleire kandidatar, men også for korte og fleksible vidareutdanningar som oppdaterer kompetansen til fagarbeidarar i etablerte yrke.

Fagområda og behova i Møre og Romsdal

Dei nasjonale prioriteringane overlappar i stor grad med dei regionale utfordringane. I Møre og Romsdal er helse- og velferdsfag og tekniske fag sentrale, medan den maritime næringsstrukturen gir eit særleg regionalt behov. Sikkerheit og beredskap må i tillegg forståast som eit tverrgåande kompetanseperspektiv.

Helse- og velferdsfag

Helse- og velferdsfag omfattar også oppvekstfag i den nasjonale prioriteringa. Den demografiske utviklinga gir auka behov for helse- og omsorgstenester, samtidig som rekrutteringsgrunnlaget er pressa. NAV estimerer i 2026 ein mangel på 210 personar i helse- og sosialtenester i Møre og Romsdal. På utdanningsnivå er det estimert mangel på 69 personar der fagskuleutdanning innan pleie- og omsorgsfag er relevant.

Utfordringa kan ikke løysast berre gjennom nyrekruttering. Helsepersonellkommisjonen og fagskolemeldinga peikar på betre oppgåvedeling og meir målretta bruk av fagarbeidarkompetanse. Vidareutdanning kan gjere helsefagarbeidarar og andre fagarbeidarar i stand til å ta større ansvar og utføre meir spesialiserte oppgåver.

For 2027 er det særleg relevant med utdanning som styrker kompetanse innan:

- eldreomsorg, demens og komplekse pasientforløp
- psykisk helse og rus
- rehabilitering, habilitering og palliasjon
- velferdsteknologi, digital kompetanse og teknologi i tenestene
- betre oppgåvedeling og kompetanse som kan avlaste andre yrkesgrupper
- oppvekstfag som styrker laget rundt barn og unge

Det er ønskeleg med vekst innan helse- og velferdsfag, då spesielt ved fleire modulbaserte tilbod. Ved nye eller utvida tilbod bør det dokumenterast korleis arbeidsgivarane vil bidra til rekruttering av studentar og korleis kompetansen skal takast i bruk.

Tekniske fag og fag viktige for grøn og digitale omstilling

Tekniske fag er sentrale i Møre og Romsdal på grunn av fylket sin industristruktur. NAV estimerer ein mangel på 347 arbeidstakarar i bygg og anlegg og 156 i produksjon av maskiner og utstyr. Blant yrkesfaga er mangelen særleg stor på elektrikarar, anleggsmaskin- og industrimekanikarar, bilmekanikarar, tømrrarar og energimontørar.

NHO-bedriftene i fylket peikar særleg på ingeniør- og tekniske fag, handverksfag og IKT. Behovet for fagbrev er størst innan teknologi- og industrifag, elektro og datateknologi og bygg og anlegg.

For 2027 er det særleg relevant med kompetanse innan elektro og automasjon, mekaniske fag og vedlikehald, bygg og anlegg, energi og energieffektivisering, digitalisering, berekraftig produksjon og ressursutnytting. Grøn omstilling bør i stor grad forståast som nye kompetansekrav inne i dei etablerte tekniske og industrielle faga, ikkje berre som eit eige utdanningsfelt.

Det er ønskeleg med vekst, særleg der utdanningane kombinerer etablert fagkompetanse med teknologi, digitalisering og omstilling.

Maritime fag

Maritim kompetanse er eit særleg regionalt behov og eit konkurransefortrinn for Møre og Romsdal.

Fylkesstrategi for kompetanse peikar på marine og maritime næringar som eit naturleg fortrinn som truleg vil stå for ein stor del av verdiskapinga i fylket også framover. Maritim og marin næring var også eit av dei særskilt prioriterte kompetanseområda i fylkeskommunen si tildeling for 2026. Den maritime verdikjeda omfattar mellom anna reiarlag, verft, utstyrsleverandørar, design- og teknologimiljø, fiskeri og havbruk. Meld. St. 11 viser til ei undersøking av maritime karriereveggar der 80 prosent av verksemdene svarer at personar med praktisk og operasjonell erfaring frå sjø vil ha stor betydning for å dekkje arbeidskraft- og kompetansebehovet fram mot 2030. Ein firedel av

dei som har maritime sertifikat er over 60 år. Dette viser både eit fornyingsbehov og betydninga av å halde oppe robuste utdanningsløp.

Regionen er også del av Samarbeid for norsk maritim kompetanseberedskap, der målsettinga er at maritimt næringsliv, utdanningsmiljø og Forsvaret samarbeider for å styrke samla beredskaps- og forsvarsevne.

For 2027 er det særleg relevant å vurdere behov innan dekk- og maskinoffisersutdanning, maritime tekniske fag, elektriske og hybride framdriftssystem, automasjon og digitalisering, energieffektiv drift, avanserte maritime operasjonar og maritim tryggleik og beredskap.

Maritime fag bør prioriterast der arbeidslivsbehovet er godt dokumentert. Det er ønskeleg med vekst hovudsakleg i deltidsutdanningar. Samtidig må vekst vurderast opp mot rekrutteringsgrunnlag, gjennomføring, kostnad og kor mykje framtidig ramme som blir bunden til vidareføring av eksisterande kull.

Sikkerheit og beredskap

Sikkerheit og beredskap er eit nasjonalt prioritert område, men omfattar fleire fagkategoriar. For Møre og Romsdal bør området forståast som kompetanse som styrker evna til å førebygge, handtere og kome seg etter kriser, og som samtidig sikrar drift av kritiske samfunnsfunksjonar.

Møre og Romsdal har krevande geografi, øysamfunn og store avstandar. FylkesROS analyserer mellom anna kvikkleireskred, regnflaum, fjellskred, radikalisering og valdeleg ekstremisme og tryggingspolitisk krise eller krig. Analysen vurderer også sårbarheit i kritiske samfunnsfunksjonar som vatn, kraft og samferdsel.

Kompetanseberedskap betyr at mangel på kvalifisert arbeidskraft i seg sjølv kan bli ei beredskapsutfordring. Dersom kommunar, infrastrukturigarar og verksemdar manglar helsepersonell, elektrikarar, teknisk personell, sjøfolk eller andre nøkkelgrupper, blir evna til

å oppretthalde samfunnskritiske funksjonar svekt. Dette gjer beredskap til eit tverrgående perspektiv i tildelinga, ikke berre eit spørsmål om eigne beredskapsutdanningar.

Kritisk infrastruktur og digital sikkerheit

Vatn og avløp, energiforsyning, transport, elektronisk kommunikasjon og digitale tenester må fungere også under kriser. Kompetanse innan automasjon, elkraft, VA-fag, teknisk drift og cybersikkerheit er derfor viktig både for dagleg drift og for beredskap. Digitale angrep og svikt kan råke helse, samferdsel, industri, energi og offentlig forvaltning samtidig.

Helseberedskap, naturfare og maritim beredskap

Helseberedskap omfattar både ekstraordinære hendingar og tilgangen på kompetanse som gjer kommunane i stand til å levere nødvendige tenester i kvardagen. Naturfare og klimaendringar gir behov for kompetanse innan fjellskred, flaum, klimatilpassing, transportberedskap og lokal krisehandtering. Maritim kompetanse er på si side viktig for sjøtransport, forsyning, eksportnæringar og totalforsvar.

For 2027 er det særleg relevant å prioritere utdanningstilbod som bidreg til å styrke:

- helseberedskap og kapasitet i helse- og omsorgstenestene
- cyber- og informasjonssikkerheit og sikker drift av digitale system
- vatn, avløp, energi og annan kritisk teknisk infrastruktur
- maritim kompetanseberedskap, transport og forsyningsevne
- naturfare, fjellskred, klimatilpassing og lokal beredskap
- risiko-, sikkerheits- og beredskapskompetanse i industri og tekniske verksemder

Det er ønskeleg å utvikle fagområdet, men nye tilbod må bygge på dokumenterte behov og vise korleis utdanninga styrker regional eller nasjonal beredskap.

Andre kompetansebehov

Dei prioriterte fagområda dekkjer ikke alle behova i Møre og Romsdal. Det kan også vere relevante behov innan oppvekst, transport og logistikk, reiseliv, kultur, marin næring, landbruk, , leing og administrative fag. Utdanning på slike område kan få tilskot når

behovet er godt dokumentert og tilbudet elles oppfyller vilkåra for tildeling, men det blir ikkje lagt opp til generell vekst innan desse områda i 2027.

Økonomi- og administrasjonsfag kan vere relevante når dei er tydeleg yrkesretta og støttar kompetansebehov i bransjar som er viktige for fylket, til dømes leiling, prosjektstyring og omstilling for fagarbeidarar.

Kva kompetansegrunnlaget betyr for tildeling i 2027

Kompetansegrunnlaget skal hjelpe fylkeskommunen å prioritere mellom relevante behov, og gir ikke automatisk rett til tilskot innan bestemte fag. Ved rammetildeling får fagskulane større handlingsrom til å planleggje og dimensjonere tilboda, medan fylkeskommunen skal setje overordna føringar og særskilde vilkår. God dialog blir derfor viktigare.

Ved vurdering av søknader og fastsetting av rammer for 2027 vil fylkeskommunen særleg legge vekt på:

- dokumenterte regionale eller lokale kompetansebehov, sett i samanheng med nasjonale prioriteringar
- forankring i relevant arbeidsliv og konkrete planar for korleis kompetansen skal takast i bruk
- rekrutteringsgrunnlag, søking og realistisk studenttal
- gjennomføring, studiepoengproduksjon og kvalitet i tidlegare tilbod
- fleksibilitet og tilgjengelegheit for studentar i ulike delar av fylket, særleg for vaksne i arbeid
- om utdanninga bidreg til grøn/digital omstilling, betre bruk av arbeidskraft eller kritiske samfunnsfunksjonar
- kostnaden ved tilbudet sett opp mot tal studentar, forventa kompetanseeffekt og bindingar i framtidige rammer.

Samla prioritering for 2027

Det er ønskeleg med vekst innan helse- og velferdsfag og tekniske fag/kompetanse for grøn og digital omstilling. Maritime fag er eit særleg regionalt kompetanseområde og bør prioriterast målretta. Sikkerheit og beredskap skal utviklast som eit tverrgåande perspektiv. Andre fag kan prioriterast når det ligg føre eit tydeleg dokumentert behov.

Kjelder

Kjeldene under er dei sentrale grunnlaga for vurderingane i dokumentet. Nettkjelder er kontrollerte i september 2026.

1. Fagskulelova (2018). Lov om høgare yrkesfagleg utdanning, særleg §§ 3 og 29. [Lenkje](#)
2. Kunnskapsdepartementet (2025). Meld. St. 11 (2024–2025) Fagfolk for en ny tid – med høyere yrkesfaglig utdanning. [Lenkje](#)
3. Justis- og beredskapsdepartementet (2025). Meld. St. 9 (2024–2025) Totalberedskapsmeldingen – Forberedt på kriser og krig. [Lenkje](#)
4. HK-dir (2026). Reviderte retningslinjer for driftsmidler til fagskoler, publisert 16. mars 2026. [Lenkje](#)
5. HK-dir (2026). Tilskuddsordningen for driftsmidler til fagskolene, oppdatert 8. september 2026. [Lenkje](#)
6. Møre og Romsdal fylkeskommune (2023). Fylkesstrategi for kompetanse 2024–2027. [Lenkje](#)
7. Møre og Romsdal fylkeskommune (2026). Prioriteringar, prinsipp og satsar for tildeling av statleg driftstilskot til høgare yrkesfagleg utdanning for 2026. [Lenkje](#)
8. NAV Møre og Romsdal (2026). Bedriftsundersøkelsen 2026. [Lenkje](#)
9. NHO Møre og Romsdal (2026). Mangelen på riktig kompetanse bremser næringslivet. Tal frå NHOs kompetansebarometer 2025. [Lenkje](#)
10. Statistisk sentralbyrå (2026). Regionale befolkningsframskrivingar, hovudalternativet, oppdatert 12. juni 2026. [Lenkje](#)
11. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal (2022). FylkesROS Møre og Romsdal 2022. [Lenkje](#)
12. Samarbeid for norsk maritim kompetanseberedskap (2026). Om prosjektet og samarbeidet mellom næringsliv, utdanning og Forsvaret. [Lenkje](#)
13. Vestland fylkeskommune (2026). Kompetansegrunnlag for tildeling av midlar til fagskular for 2027. Nyttå som referanse for struktur og omfang.
14. Møre og Romsdal fylkeskommune (2026). Internt fagnotat: Sikkerheit og beredskap og tildeling av statlege midlar til høgare yrkesfagleg utdanning i Møre og Romsdal, sist endra 30.06.2026.



Møre og Romsdal
fylkeskommune

mrfylke.no